



Fiskereglar 2023

1. Fisketida er frå 15. juni til 15. august. Fiskedøgnet startar kl.18:00 på oppført dato og varer i 23 timar til neste dag kl. 17:00. Årets første fiskedøgn startar kl.00:00 og varer til kl.17:00 og årets siste fiskedøgn startar 18:00 og varer til 24:00. Fisketida kan bli utvida til 31. august dersom midtsesongevalueringa tillet det.
2. Fiskeutstyr som er brukt i andre vassdrag skal desinfiserast før fisket startar. Etne camping har utstyr til dette. Ta med kvittering for utført desinfisering.
P.g.a. smittefare er det ikkje lov å bruke slangesøkkje eller flytedobbe som er fylt med vatn.
3. Det er berre tillate med stangfiske, og stanga skal ikkje forlatast som "sjølvfiskande". Det er berre lov å bruka sluk, floge, spinnar og mark. Avstanden mellom krokstamme og krokspiss skal ikkje vera større enn 15mm for enkeltkrok og 13 mm for dobbel- og trippelkrok. Ved bruk av mark skal krokstørrelsen vera minst 3/0. Fiskarar vert oppfordra til å bruka sirkelkrok ved makkefiske. Fiskerettshavar på den enkelte sone kan forby bruk av mark.

Det er kun tillatt å bruke knutefri hov og det er ikkje tillate å bruke klepp. Det er påbudt å bruke tang til å ta ut krok og til å ta skjelpørvar.

4. Etne elveigarlag gjorde vedtak om bruk av årskvote for fangst i Etneelva, gjeldande frå 2022, og som skal fordelast på sonene etter fiskekrettshavar sine andelar i elva. Eit krav frå Miljødirektoratet.

Årskvota er i år satt til 1.000 laks, med inntil 500 laks før midtsesongevaluering. Midtsesongevalueringa kan justere årskvota opp eller ned, etter tilstanden i elva.

EJFF har valgt å sette ei fangstbegrensing på 5 laks pr. døgn pr. sone. Vi vil overvåke fangst og foreta justeringar av fangstbegrensing, etter tilstanden i sonene.

Sjøauren er freda. Oppdrettslaks, regnbogeare og pukkellaks vert ikkje rekna med. Ufisk kan leverast fiskefella for prøvetaking. Laks under 40 cm og vinterstøingar skal straks setjast ut att i elva.

All fangst skal rapporterast og det skal takast skjelpørvar. Skjelpørvekonvoluttar får du hos fiskerettshavar eller Etne camping. Der skal dei også innleverast.

Laks (hann og ho) over 100 cm skal setjast ut att i elva. På sona er det ein "fang og slepp"-kvote lik fangstknoten. Når fangstknoten er teken skal fisket opphøyra.

Fisk som etter reglane skal setjast ut att, men som er så skada at den må avlivast, tilfell fiskerettshavar.

5. Fiskaren pliktar å respektera gjeldande sonegrensar og det er forbode å fiska nedover og oppover på neste sone.
6. Fiskaren og dei han har med seg pliktar å respektera nærings- og brukarinteresser, m.a. ved ferdslø til og frå fiskeplass, rydda etter seg og bruka tilvist parkeringsplass.
7. Det er ikkje lov å setje opp telt utan løyve frå grunneigar.
8. Fiskekortet lyder på namn og kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå kortseljlar. Kvittering på betalt fiskekort og fiskeavgift til staten skal visast på førespurnad.
9. Fangst skal rapporterast til www.elveguiden.no. 0-fangst skal registrerast ved fiskestart. Meir informasjon om rapportering vil etter kvart bli publisert på www.ejff.org. Dersom fangstrapporten ikkje vert levert innan fristen kan fiskar bli utestengt. Rapportering til fangstskjema på sonen vert ikkje rekna som innlevert fangstrapport.
10. Kortseljlar pliktar å gjera fiskarane kjende med fiskereglane og kjøpar av fiskekort pliktar å respektera gjeldande fiskereglar og brot på desse kan føra til bortvising av fiskar med følgje utan rett til å få tilbakebetalt for fiskekortet.
11. Etter midtsesongevaluering kan styret i Etne elveigarlag i samråd med Fylkesmannen gjennomføra førehandsavtalte tiltak. Til dømes endring av storleik på fisk som skal gjenutsetjast, endring av fangstknotar og stenging av elva.

23.03.23

Skitt fiske !